



Statens vegvesen

Svein Valaker
Mykingvegen 253
5913 EIKANGERVÅG

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Turid Gråberg - 55516345

Vår referanse:
2011/172315-005

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.04.2012

Løyve til å nytte avkjørsle for gnr. 209 bnr. 1 i Lindås kommune

Vi syner til førehandstilsegn datert 26.11.2011.

Med heimel i Veglova §§ 40-43 godkjenner vi avkjørsla fv. 397 hp 1 ved km 3,846 til eideomen gnr. 209 bnr. 1 i Lindås kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse.
2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkjørsle til følgjande føremål:
Tilkomst til 3 bustadar.
3. Krav til frisikt 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 100 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkjørsla må vere minimum 100. Det skal ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5 m i planet mellom avkjørsla og fylkesvegen.
4. Svingradius minimum 4 meter og breidd i avkjørsla minimum 5 meter.
5. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkjørsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.

Avkjørsla kan no nyttast til bygging av bustadar på eideomen. Søkjar har fått løyve til å justere avkjørsla slik at denne skal kunne nyttast av større bilar i ein anleggsperiode. Når anleggsperioden er over og seinast innan 3 år frå dags dato, må avkjørsla vere endeleg godkjent av Statens vegvesen

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Oda Høydalsvik

Odd Høydalsvik
senioringeniør

Turid Gråberg


Turid Gråberg

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50





Svein Arild Valaker
Mykingvegen 253
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/6152 - 14/18945

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
21.08.2014

Gbnr209/1 Høyland. Godkjenning av søknad om deling av bustadtomt.

Eigedom: gnr. 209 bnr.1 Høyland
 Adresse for eiged.: Mykingvegen 253, Eikangervåg
 Type tiltak: Frådeling av ein tomt til bustadføremål
 Heimelshavar: Svein Arils Valaker
 Søker: Svein Arils Valaker

Saka gjeld:

I delegert sak 24.09.2012, fekk søker løyve til å skilje ut to bustadtomter kvar på inntil 2da. Tomtene var plassert i eit område for fortetting som i gjeldande plan ligg på eigedommen. Søknaden no gjeld løyve til å flytte den eine av desse to tomtene til ein annan plass innafor området som er sett av til fortetting. Den nye tomta skal plasserast slik det er synt i vedlegg 2 til søknad stempla motteke 19.08.2014.

Planstatus:

For eigedommen gjeld kommuneplanen for Lindås 2011-2023, med føresegner for LNF-spreidd bustadområde. Det er løyve til å dele frå 3 tomter i perioden. Det er alt gjeve løyve til tre tomter. To av desse er plassert og målt opp – 209/43 og 209/44. Den tredje tomta er enno ikkje målt opp, og det er denne tomta ein no vil flytte til ein annan stad. Talet på tomter vert framleis 3 og i samsvar med gjeldande plan. Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon for denne søknaden.

Tomta ligg i område som er godkjend for fortetting. Området er ikkje jordbruk. Deling etter jordlova §12 er ikkje naudsynt.

Tilkomst/ vassforsyning og avløp:

Det ligg føre godkjenning frå Vegvesenet for utkøyring for inntil tre bustadeiningar, og løyve til utslepp for inntil 5 eininger. Søker har alt gjennomført arbeidet med å utbetre vegen og føre fram vatten og avløp.

Uttale frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde, då tiltaket er i samsvar med godkjende planar.



VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jamfør §26-1, gjev Lindås kommune løyve til frådeling av areal til bustadføremål frå gnr.209 bnr.1 slik det er søkt om og synt på kart merkt vedlegg 2 i søknad motteke i kommunen 19.08.2014.

Tomta må få tinglyste rettar knytt til veg, vatn og avløp.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Tomta som vert delt frå er stor nok og har ein høveleg form. Det er veg fram og det er gjeve løyve til utslepp og avkøyrslle. Deling er i samsvar med gjeldande arealplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i uregulert område, byggetomt	kr.7400,-
--	-----------

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
 Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Stendal VVS AS v/Thorleif Stendal

Blombakken 1
 5911 ALVERSUND

Dykkar ref. Sakshandsamar:
 Anne Lise Molvik

Vår ref. Telefon
 2013/551 - 0 -
 15431/2013

Arkivkode: Dato:
 209/43 26.06.2013

Delegert sak

Endring av løyve til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå hus og hytter - gbnr 209/43 m. fl. på Høyland.

Lindås kommune gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing kap 12 utsleppsløyve for inntil 5 bustadar, eller 25 pe, i samsvar med søknad stempla motteke 16.05.2013 og på følgjande vilkår:

- ✓ Avlaupet skal reinsast med typegodkjend, prefabrikert biologisk/kjemisk minireinseanlegg (kl 1) med godkjend etterpolering, før utsleppet går i tett, nedgravd leidning til elv med heilårvassføring.
- ✓ Minireinseanlegget skal plasserast slik at det kan tömmast og haldast vedlike av godkjend føretak.
- ✓ Det skal sendast inn kopi av inngått drifts- og vedlikehaldsavtale med leverandør eller anna fagkyndig verksemد før anlegget kan takast i bruk/ferdigattest vert gjeve.
- ✓ Eigaren av anlegget er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehald i samsvar med krav i utsleppsløyvet.
- ✓ Det skal opprettast avtale mellom dei som vert tilknytt anlegget om felles ansvar for drift- og vedlikehald.
- ✓ Dette utsleppsløyvet erstattar tidlegare gjevne utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta for gbnr 209/43 av 18.01.2013 og gbnr 209/44 av 15.03.2013.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller private fellesleidningar når slike vert ført fram til området.

Løyve til etablering av avlaupsanlegget etter § 20-1 i plan- og bygningslova vart gjeve 18.01.2013.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld endring av utsleppsløyve for eigedomen gbnr. 209/43 på Høyland frå 1 til 5 bueiningar, dvs 25 pe.

Eigedomen ligg i område for spreidd busetnad, med moglegheit for frådeling av inntil 3 bustadar i inneverande kommuneplanperiode (2011 – 2023).
 3 bustadtomtar er per i dag godkjend frådelte fra eigedomen gbnr 209/1.

- ✓ Gbnr. 209/43 vart godkjend frådelt 01.03.2012. Det vart gjeve byggjeløyve for bustad 17.01.2013 og utsleppsløyve (til minireinseanlegg) 18.01.2013.
- ✓ Gbnr. 209/44 vart godkjend frådelt 24.09.2013. Det vart gjeve byggjeløyve for bustad og utsleppsløyve (til felles minireinseanlegg med gbnr 209/43) 15.03.2013.
- ✓ Ei tomt vart godkjend frådelt 24.09.2013, men er per i dag ikkje fysisk oppretta. Denne tomta skal også inn på anlegget.

Grunngjevinga for at det vert søkt om utvida utsleppsløyve for inntil 5 bustader er at grunneigar vurderer å søkja om frådeling av fleire tomtar ved neste rullering av kommuneplanen.

Reinseanlegget skal plasserast på hovudbruket, gbnr 209/1. Dei frådelte tomtane skal ha bruksrett til anlegget, jf skriv av 24.02.2013 frå eigar av gbnr 209/1. Det er eigar av gbnr 209/43 som står som tiltakshavar. Det skal oppretta drift- og vedlikehaldsavtale mellom eigarane av eigedomane som skal knytast til anlegget, jf søknad om utsleppsløyve for gbnr 209/44 og samtale med Åge Natås 26.06.2013.

Eigedomane gbnr 209/43 og 209/44 som per i dag tilknytt anlegget har tinglyst rett til å etablera avlaupsanlegg på hovudbruket gbnr 209/1.

Vurdering:

Omsøkte avlaupsløysing er i samsvar med gjeldande krav i området. Avlaupsanlegget som er godkjend for eigedomen gbnr 209/43 er dimensjonert for opptil 50 pe og vil ha god kapasitet i høve til omsøkte storleik på utsleppet.

Tiltaket er nabovarsla. Ingen nabomerknader ligg føre.

Anlegget skal driftast og haldast vedlike i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf forurensingsforskrifta kap 11. Kommunen skal ha oversend kopi av inngått serviceavtale med leverandør eller anna fagkyndig verksemid før anlegget kan takast i bruk.

Etablering av avlaupsanlegget er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Løyve til etablering av avlaupsanlegg etter § 20-1 i plan- og bygningslova vart gjeve 18.01.2013. Omsøkte endringar gjeld berre storleik på utsleppet, sjølv etableringa av anlegget er som tidlegare godkjend.

Administrasjonen finn etter ei samle vurdering å kunne godkjenna omsøkte endring av søknad om utsleppsløyve.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming i samsvar med Gebyrregulativ 2013 for teknisk sektor.

G.2.b.	Utsleppsanlegg 16 > pe < 100	kr 6 000,00
--------	------------------------------	-------------

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf fvl § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing
Einar Urheim
Einar Urheim
fagleiar byggesak

Anne Lise Molvik
Anne Lise Molvik
rådgjevar

Kopi til:

Åge Natås	Høylandsvegen 234	5915	HJELMÅS
Svein A. Valaker	Mykingvegen 253	5913	EIKANGERVÅG
Kenneth Holmedal	Kroken 233	5912	SEIM